

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/6250-1

## Klage frå Markane Idrettslag på avslag på søknad om kulturmidlar

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Klagen frå Markane Idrettslag vert ikkje teken til følgje.

#### Vedlegg:

- Søknad, dagsett 11.01.16
- Klage, dagsett 02.05.16

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Vedtak om avslag på søknad, dagsett 15.04.16
- Underinstansen si handsaming av klagen, dagsett 04.07.16
- Oversending til fylkesrådmannen, dagsett 05.07.16
- Fylkeskommunen sine retningslinjer for kulturmidlar:  
<http://www.sfj.no/kulturmidlar-til-allment-kulturarbeid.340484.nn.html>

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen fordeler årleg kulturmidlar til lag, kulturorganisasjonar og til ulike kulturaktivitetar.

Markane Idrettslag arrangerte Norgescup i skiskyting på Ullsheim 22. – 24. januar 2016. Idrettslaget søkte i forkant om 25 000 kr i støtte til snøproduksjon, for å sikre at dei ikkje måtte seie frå seg arrangementet. Av søknaden gjekk det fram at snøproduksjon er kostbart, og at arrangementet ville gå i underskot utan støtte. I søknaden viste idrettslaget til at drivkrafta for klubben til å ta på seg store arrangement, og legge ned mange tusen timar med dugnadsinnsats, er at dei skal få litt ekstra midlar til aktiviteten i klubben. Arrangementet er dessutan god marknadsføring for fylket. Idrettslaget søkte også Stryn kommune om støtte.

Fylkesdirektør for næring og kultur av slo søknaden 15.04.16 med følgjande grunngjeving:

*Markane idrettslag har markert seg arrangør av store idrettsarrangement i Nordfjord. Ut frå vedteken regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017 får Ullsheim fast driftstilskot i planperioden. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søknaden.*

Markane Idrettslag klaga på avgjerda ved brev motteke 02.05.16. Fylkesdirektøren tok ikkje klagen til følgje, og sende saka over til fylkesutvalet som klagenemnd, jf. delegeringsreglementet punkt 1.4.3.

## **2. Klagaren har hovudsakleg gjort gjeldande**

Markane Idrettslag klaga på vedtaket fordi dei meiner mangel på snø var ein ekstraordinær og utfordrande situasjon i framkant av arrangementet. Kuldegrader gjorde det mulig å produsere snø på stadion, og ein ekstra snøkanon vart leigd inn til føremålet. Produksjon av snø og transport ut i heile løypenettet kosta mellom 150 000 og 200 000 kr. Dugnadsinnsatsen som vart lagt ned i arrangementet betalar seg ikkje når utgiftene er så høge.

Vidare trekkjer idrettslaget fram at det vart eit flott arrangement med mykje positiv tilbakemelding. Totalt var det 440 deltakarar frå heile landet. Markane Idrettslag har meir enn ein gong profilert Sogn og Fjordane utad på ein måte som set oss på kartet.

Markane Idrettslag hadde forventa at fylkeskommunen kunne gi litt ekstra når dei hadde så store utfordringar med å gjennomføre arrangementet, og ber om at søknaden om støtte vert innvilga.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkeskommunale kulturmidlar vert tildelt etter vedtekne retningslinjer, sjå <http://www.sfj.no/kulturmidlar-til-allment-kulturarbeid.340484.nn.html>

Ifølgje retningslinjene vert aktivitetsstønad gitt til aktivitetar av kulturell karakter som har allmenn interesse, verknad for heile eller ein større del av fylket, eller syner nye vegar i kulturarbeidet. Midlar vert løyva etter konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, innanfor dei til ei kvar tid gjeldande kulturpolitiske satsingsområde. Fylkeskommunen ser det som ein fordel at kommunen er inne med tilskot. Midlane skal nyttast til satsingar som korresponderer med regionale planar og handlingsprogram, og kulturstrategien sine satsingsområde.

Fylkesdirektøren vurderte Markane Idrettslag sin klage slik:

*Det kjem ikkje fram nye opplysningar i klagen ut over det som er gitt i søknaden, berre ei oppdatering av desse. Søkjar har heller ikkje påvist at det er gjort sakshandsamingsfeil i samband med avslaget.*

*Vi ser over tid at utfordringar knytt til snø er noko ein arrangør av vinteridrettsarrangement i Sogn og Fjordane må ta høgde for i si planlegging. Det må difor budsjetterast med kostnader til snøproduksjon allereie frå starten av når dette er avgjerande for å gjennomføre arrangementet.*

*I tillegg kjem at Ullsheim får eit fast driftstilskot på 50 000 kr årleg i planperioden, jf. vedteken regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019.*

Til liks med fylkesdirektøren ser fylkesrådmannen det som positivt at Markane Idrettslag har markert seg som arrangør av store idrettsarrangement i Nordfjord. Det er likevel slik at budsjettrammene ikkje gir rom for å støtte alle søkjarane. I 2016 løyvde fylkeskommunen kulturmidlar til 62 av dei 98 tiltaka som vart vurderte. (<http://www.sfj.no/midlar-til-kulturarbeid.5860027-337387.html>) Fleire søkjarar får altså ikkje kulturmidlar i det heile, medan Markane Idrettslag vert støtta med 50 000 kr i driftstilskot.

Fylkesrådmannen har ikkje innvendingar til fylkesdirektøren si vurdering av at fylkeskommunen ikkje burde prioritere å yte støtte til snøproduksjon i samband med arrangementet, og tilrår såleis at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje.

Dersom klagenemnda skulle ta klagen heilt eller delvis til følgje, vert løyvinga dekt over kulturavdelinga sitt budsjett, teneste 7900.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at klagenemnda ikkje tek klagen til følgje.